



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 15.12.2015  
Vår ref.: 2014/16628-6  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 15/119 – 15/13097

## **Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om forlenging av løyve - lavvo på Ramsvikneset - Radøy kommune**

Viser til brev datert 04.11.2015 med søknad om forlenging av løyve i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt innan kulturminnevern.

I 2014 gav Hordaland fylkeskommune løyve til å setje opp midlertidige teltkonstruksjonar på Ramsvikneset. Løyvet vart gitt for 2014 og 2015, og nå er det søkt om forlenga godkjenning for teltkonstruksjonane for 2016 og 2017. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at aktiviteten på Ramsvikneset knytt til teltkonstruksjonane til no har ført til slitasje på dei kjende automatisk freda kulturminne i området eller verka negativt på desse.

Det er ein føresetnad for forlenging av løyve til bruk av dette område at det er snakk om tiltak av ein midlertidig karakter, og ikkje om faste installasjonar. Vår godkjenning av tiltaket gjeld for 2016 og 2017. Vi tar atterhald om at dersom tiltaket skulle føra til slitasje eller fare for skade på kjende lokalitetar kan Hordaland fylkeskommune krevja endringar eller at aktiviteten må flyttast.

David J. Aasen Sandved  
Kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*